



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket i Sogn og Fjordane 2015



## INNHALD

---

Bakgrunn for arbeidet	3	
1	Innleiing	4
1.1	Overordna mål og retningslinjer for ordninga	4
1.2	Sentrale og regionale dokument	4
2.	Landbruket i Sogn og Fjordane	4
2.1	Utviklingstrekk for landbruket og bygdenæringar i fylket	4
2.2.	Mål for landbruket i Sogn og Fjordane	5
3.	Rekruttering og kompetanseheving i landbruket	5
3.1	Vidaregåande opplæring	6
3.2	Livslang læring	7
3.3	Mål og tiltak innan kompetanseheving og rekruttering	7
4.	Organisering av arbeidet	7
5.	Fordeling av midlar	8
5.1	Rapportering	8

## BAKGRUNN FOR ARBEIDET

---

Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at fylkeskommunane er aktive deltakarar i arbeidet med dei regionale bygdeutviklingsprogramma, for å bidra til gode koplingar mellom landbruk og anna regionalt utviklingsarbeid. Det er forventa at fylkeskommunane bidreg til at landbrukspolitiske mål vert teke i vare i samfunnsplanlegginga.

For budsjettåret 2015 er det under Landbrukets utviklingsfond (LUF) vidareført ei ramme på 20 millionar til fylkeskommunane sitt arbeid med rekruttering og kompetanseheving i landbruket. For Sogn og Fjordane utgjer dette 1,6 millionar kroner.

Med utgangspunkt i departementet sitt tilskotsbrev på landbruks- og matområdet har ei arbeidsgruppe utarbeidd rekrutterings- og kompetanseplan for landbruket i Sogn og Fjordane for 2015. Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen har hatt leiar- og sekretariatfunksjonen for arbeidet.

Arbeidsgruppa har vore sett saman slik:

Knut Grinde, opplæringsavdelinga fylkeskommunen, sekretær  
Atle Reidar Sandnes, næringsavdelinga fylkeskommunen  
Merete Støfring, Sogn og Fjordane bondelag  
Olav Nesse, Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag  
Halvor L. Brosvik, Sogn og Fjordane skogeigarlag  
Randi Erdal, landbruksavdelinga Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Politisk handsaming: Hovudutval for plan og næring.

Leikanger, mars 2015

Knut Grinde  
rådgjevar opplæringsavdelinga

## 1 INNLEIING

### 1.1 Overordna mål og retningslinjer for ordninga

Tilskotsbrevet frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) slår fast at det overordna målet er å bidra til rekruttering og kompetanseheving av næringsutøvarar som kan ivareta og styrke verdiskapinga i landbruket regionalt. Prioriterte område bør vere:

- Tiltak som kan styrke rekruttering til landbruksnæringa
- Tilskot til kompetansehevande tiltak innan tradisjonelt landbruk og bygdenæringar, og støtte til etter- og vidareutdanningstilbod for næringsutøvarar i landbruket.
- Tiltak som bidreg til å styrke rekrutteringa til landbruks- og gartnarutdanninga i programområde naturbruk i den vidaregåande skulen, og til høgare utdanning i landbruksfag

Tilskotet må sjåast i samanheng med andre ordningar og aktørar for rekruttering og kompetanseheving i landbruket.

### 1.2 Sentrale og regionale dokument

- Tilskotsbrevet frå Landbruks- og matdepartementet til fylkeskommunane for 2015, med konkret omtale av ordninga
- Jordbruksavtalen for 2014, der løyvingane for ordninga er vedtekne og ordninga er omtala
- Meld. St. 9 - Landbruks- og matpolitikken Velkommen til bords, der ein finn føringar for prioriteringane innan landbrukspolitikken dei komande åra og mål for rekruttering, kunnskap og innovasjon
- Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013 - 2016 Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og tilhøyrande årleg handlingsplan

## 2. LANDBRUKET I SOGN OG FJORDANE

I dette avsnittet vil vi i korte trekk komme inn på utviklingstrekk innan landbruket i fylket, både produksjon, rekruttering, utdanning og kompetanse.

### 2.1 Utviklingstrekk for landbruket og bygdenæringar i fylket

Sogn og Fjordane er eit småskala landbruksfylke med grovfórbasert husdyrhald som bærande produksjonar. Landbruket betyr i gjennomsnitt meir for sysselsetjing og verdiskaping i Sogn og Fjordane enn i dei fleste andre fylke i landet.

I forhold til den nasjonale produksjonen produserte vi i 2013 6,9 prosent av kumjølka, 15 prosent av geitemjølka, 5,9 prosent av storfekjøtet, 8,8 prosent av sauekjøtet, 9 prosent av frukta og 17 prosent av bæra. I tillegg kjem ringverknader av foredlingsindustrien, der næringsmiddelindustrien åleine utgjør over 1 000 årsverk. Vidare kjem frukt- og bærnettaka, mange småforedlingsbedrifter, sagbruk og sesonghjelp.



Foto: Marita Skeie, Bondelaget i Sogn og Fjordane

Jordbruket i Sogn og Fjordane vert stadig meir effektivt og automatisert, og følgjer utviklinga i resten av landet mot færre og større einingar. Sjølv om tal bruk har gått ned, har fylket stort sett greidd å halde produksjonen på same nivå fordi bruka vert større og meir effektive. Men fylket har utfordringar med å greie å halde på produksjonsmengda av mjølk og kjøtt, og om mogeleg auke denne. Tal dyr går ned, og det er dermed færre dyr som nyttiggjer seg dei gode beiteressursane i utmarka.

Bøndene i fylket fornyar seg, og i åra 2008-2013 gav Innovasjon Norge 321 løyvingar til oppgradering eller bygging av nye driftsbygningar. Det skjer mykje automatisering i både i mjølke- og i sauefjøset.

Fylket har 4,4 prosent av jordbruksarealet i landet. <sup>1</sup> Framleis er einskilde bruk og mjølkekvotar mindre enn landsgjennomsnittet. Eit mjølkebruk i Sogn og Fjordane har 17 mjølkekyr, medan landsgjennomsnittet er 24. I gjennomsnitt er den einskilde jordbruksverksmda i vårt fylke mindre enn landsgjennomsnittet.

<sup>1</sup> Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga; <http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Landbruk-og-mat/Jordbruk/Statistik-innan-landbruk/>



Verdiskapinga innanfor landbruket i Sogn og Fjordane er totalt berekna til 708,3 millionar kroner, og mjølkeproduksjon utgjer hovudtyngda med 54 prosent. Arbeidsmengda i landbruket er rekna til 3 883 årsverk, og i tillegg er ringverknadene av landbruksverksemda rekna til 554 mill kroner i verdiskaping og 2 331 årsverk <sup>2</sup>. Mjølkeproduksjon er den klart største og viktigaste produksjonen, målt i verdiskaping og sysselsetjing.

<sup>2</sup> NILF-Notat 2009-14, Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Innan deler av grøntsektoren har det vore ei positiv utvikling dei siste åra, særleg når vi snakkar om produksjon av bringebær, plommer og morellar. Vi produserer 76 prosent av total produksjon av bringebær i landet og 45 prosent av totalproduksjonen av morellar, og fylket er den største produsenten i landet av desse. Men for at vi skal greie å halde på og auke produksjonen, er det stor trong for nye og yngre utøvarar i frukt- og bærnæringa.

Med aukande skogressursar i fylket, og potensiale for verdiskaping, går skogbruksnæringa spennande tider i møte. Det har vore gjennomført ei analyse i regi av Skognæringsforum Sogn og Fjordane, som syner potensiale for verdiskaping. Den offentlege partnerskapen sette i 2013 i gong prosjektet Tredivar Sogn og Fjordane, eit prosjekt som skal medverke til auka verdiskaping knytt til bruk av lokalt trevirke.

Bygdenæring vert innført som nytt omgrep i Meld. St. 9 om landbruks- og matpolitikken. Med bygdenæring siktar ein til alle former for næringar med utspring i landbruket, men som ikkje direkte er knytt opp til tradisjonell produksjon av mat. Det kan vere Inn på tunet, aktivitetstilbod knytt til reiselivet, entreprenørtenester, foredling av råvarer på eige bruk, kafèdrift og mykje meir. For nokon er dette hovudinntektskjelda på garden, for andre er det eit tillegg til den tradisjonelle drifta.



Innovasjon Norge har dei siste åra merka dalande interesse for å utvikle bygdenæringar. Årsakene kan vere mange, men i utgangspunktet treng ein dei rette personane som ynskjer å satse og som ynskjer å bruke tid og krefter på å utvikle ein næringsveg som økonomisk ikkje vil vere noko gullgruve den første tida. Det er viktig å legge til rette for at næringsutvikling knytt til bygdenæringar kan skje, og etter kvart vil det også verte viktig å sikre rekruttering til allereie oppstarta verksemdar.

Det er eit mål i landbrukspolitikken at kvinner og menn skal ha like mulegheiter til å drive næringsverksemd innanfor landbruket. Kvinner eig i dag om lag 25 prosent av alle landbrukseigedommar, og delen kvinnelege personlege gardbrukarar har auka siste åra til 14,3 prosent (2009). Situasjonen i Sogn og Fjordane er mykje lik situasjonen elles i landet. Fleire kvinner eig gardsbruk enn dei som er aktive næringsutøvarar. Landbruket tilbyr spennande arbeidsplassar og næringsmoglegheiter for kvinner, og det er viktig at det vert stimulert til at kvinner i større grad finn landbruksnæringa attraktiv.

## 2.2. Mål for landbruket i Sogn og Fjordane

I Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016 er det fokusert på mulegheiter for landbruket i fylket. Det regionale BU-programmet peikar mellom anna på følgjande målsettingar i arbeidet framover:

- auke matproduksjonen med 1 prosent per år
- skape eit mangfald av arbeidsplassar i bygdene
- ta vare på det særmerkte kulturlandskapet
- oppfylle dei nasjonale måla innan miljø og klima
- legge til rette for å skape lønsame arbeidsplassar som også nye brukarar og unge vil satse på

Rekruttering, kompetanse og tilstrekkeleg med kapital vil vere viktige stikkord for å kunne arbeide mot å nå desse måla. Slik sett kan bruken av midlane i denne planen vere ein del av verkemidlane på vegen mot målet.

## 3. REKRUTTERING OG KOMPETANSEHEVING I LANDBRUKET

Skal vi nå måla om å auke produksjonen i fylket, må det rekrutterast fleire inn i næringa og sikrast god og rett kompetanse i landbruket og i landbruk-srelatert næring. I eit slikt rekrutteringsarbeid er det naudsynt å få fram kvalitetar, tilbod og moglegheiter i sektoren. Bondeyrket er krevjande, men gir også fleksibilitet og sjølvstende i kvardagen. I tillegg gir det nærleik til natur, noko som kan bli meir og meir verdsett framover.



Foto: Sogn og Fjordane skogeigarlag SA

Det er viktig å synleggjere at trerelatert industri og næringsmiddelindustri gir tilleggsnæring, karriereval og yrkesmulegheiter for mange.

Landbruksnæringa er i utvikling, og har difor kontinuerleg behov for kompetanseheving på område knytt til drift, forskrifter og produksjon. Landbruks- og matsektoren sitt samansette kompetansebehov må difor framhevast heilt frå rekruttering i ungdomsskulen til vidaregåande opplæring, fagskulenivå og høgare utdanning.

Ei undersøking viser at over 70 prosent av bedriftene i matindustrien vurderer det som vanskeleg eller svært vanskeleg å få tak i fagarbeidarar. Det er også eit stort behov for kandidatar med høgare landbruksfagleg utdanning til forvaltning, rådgiving, undervisning og forskning (Meld.St. nr. 9 2011-2012 Velkomen til bords).



Foto: Marita Skeie, Bondelaget Sogn og Fjordane

### 3.1 Vidaregåande opplæring

Skuleåret 2014-2015 vart det ved Mo og Øyrane vidaregåande skule teke inn 23 elevar på Vg1, 33 elevar på Vg2 og 35 elevar på Vg3 innan naturbruk. Til saman vert dette 91 elevar, noko som er ein auke på ein elev frå året før. Sogn Jord- og Hagebruksskule har til samanlikning 23 elevar på Vg2 og 21 elevar på Vg3 (skulen har ikkje Vg1 tilbod), ein auke på 10 elevar frå året før.

Ser ein på inntekne elevar frå Sogn Jord- og Hagebruksskule og på Mo og Øyrane vidaregåande skule (Mo og Jølster t.o.m. 2013) i perioden 2010-2014, får ein denne oppstillinga:

Skule	2014	2013	2012	2011	2010
<b>Mo og Øyrane</b> (Mo og Jølster t.o.m. 2013)					
- vg1 naturbruk	23	17	29	22	22
- vg2 landbruks- og gartnarnæring	18	23 (4)	27	26	26
- vg2 landbruks- og gartnarnæring for vaksne	15 (2)	13 (2)	16 (3)	12 (1)	14 (3)
- vg3 landbruk og vg3 naturforvaltning	22 (2)	7	15	20	16
- vg3 landbruk for vaksne	13 (2)	10 (2)	11 (2)	9 (3)	10 (2)
<b>Sogn jord- og hagebruksskule</b>					
- vg2 landbruks- og gartnarnæring	23 (21)	20 (18)	11 (11)	20 (18)	26 (25)
- vg3 økologisk landbruk	21 (17)	14 (12)	13 (10)	17 (15)	11 (9)
<b>Inntekne elevar på naturbruk i Sogn og Fjordane</b>	<b>135 (44)</b>	<b>104 (38)</b>	<b>122 (26)</b>	<b>126 (37)</b>	<b>125 (39)</b>

Tal henta frå [www.vigo.no](http://www.vigo.no) nettstad for søking på vg opplæring. Tala for vaksne elevar ved Mo og Øyrane vgs er henta frå denne skulen. Tal i parentes er elevar utanfor fylket.

Ser ein på nye primærskolar med ungdomsrett på Vg1 naturbruk per 1. mars 2015, er det 26 søkjarar til 24 elevplassar ved Mo og Øyrane vgs. Dette er positivt, ettersom god innsøking på Vg1 naturbruk gir god rekruttering vidare til Vg2 og Vg3. Truleg vil eit målretta rekrutterings-arbeid gi positive utslag på søkjartalet. Alle tiltak og prosjekt i regi av fylkeskommunen bør difor ha ein felles koordinator for rekrutteringsarbeidet. Godt samarbeid og koordinering mellom ulike aktørar er viktig i dette arbeidet. Gode døme her er dei ulike utviklingsprosjekta «Vel skog», «Vel landbruk», «Framtid i landbruket» og «Ungdomscamp på Mo».

Rekrutteringsmidlar frå fylkeskommunen har i fleire år gått til ulike rekrutteringsprosjekt som har som mål å rekruttere ungdommar til utdanning innan naturbruk. I samsvar med fylkestingsvedtak sak 26/13: «...det skal settast i verk eit utviklingsprosjekt for naturbruksutdanning i nært samarbeid med faglaga i landbruket», har Mo og Øyrane vgs starta opp eit 3-årig rekrutteringsprosjekt i 2014. Prosjektet har som mål å kunne koordinere og gjennomføre ulike rekrutteringstiltak for å få fleire til å søkje naturbruksutdanninga i fylket. Prosjektet, som er finansiert av rekrutteringsmidlar, har ein prosjektleiar tilsett i 40 prosent stilling.

### 3.2 Livslang læring

Vaksne utan landbruksutdanning som tek over gard eller som kan tenkje seg å bli bonde, treng tilbod om etter- og vidareutdanning innan landbruksfaga. Slike tilbod må tilpassast og leggjast til rette som deltidsstudie basert på samlingar og fjernundervisning, slik at utdanninga kan kombinerast med jobb. Fleire skular med naturbruk i landet tilbyr slik komprimert agronom- og/eller gartnarutdanning tilrettelagd for vaksne.

Agronomutdanning for vaksne er eit undervisningstilbod som gir kompetanse som agronom etter to år. Tilbodet dekkjer erfart behov, og inkluderer alle krav til sertifisering i næringa. Det er viktig at ein kan gi eit slikt tilbod i fylket.

Auka krav til effektivisering og betre inntening krev større driftskompetanse. Bonden må sjåast på som ein bedriftseigar, og garden som ei stadig større bedrift. Bedriftsøkonomisk tenking må difor sterkare inn som ledd i rekrutteringsarbeidet.

### 3.3 Mål og tiltak innan kompetanseheving og rekruttering

#### Mål:

- sikre naturbrukstilbodet i fylket gjennom aktivt rekrutteringsarbeid
- gi fleksible mulegheiter for auka kompetanse hjå aktive yrkesutøvarar i næringa og vaksne som ynskjer å komme inn i næringa
- medverke til auka rekruttering innan tradisjonelt landbruk og bygdenæringar

#### Prioriterte tiltak

I eit rekrutteringsperspektiv er det viktig å

- sikre tilbod om agronomutdanning for vaksne i fylket (nettbasert og samlingar)
- medverke til å auka rekruttering til naturbruk på vidaregåande nivå ved å gi auka kunnskap om landbruket og karrieremulegheiter innan landbruks- og matfag til rådgjevarar, lærarar, foreldre og elevar i grunnskulen, t.d. gjennom ungdomscamp for ungdom 14-16 år og næringsreiser for rådgjevarar i ungdomsskulen
- nettverksbyggjande aktivitet og fadderordningar i landbruket
- fagkurs knytt til ulike produksjonar og produksjonsmetodar i samsvar med endringar i landbruket
- legge til rette for auka kunnskap om og synleggjering av bygdenæringar som ein mogleg måte å utvikle verksemda på
- tiltak som byggjer opp omdømmet til landbruksnæringa

## 4. ORGANISERING AV ARBEIDET

---

Plan for rekruttering og grunnlaget for fordeling av midlane er utarbeidd av ei arbeidsgruppe der fylkeskommunen, næringa sine organisasjonar og fylkesmannen er med, jf oversikt side 3.

Fylkeskommunen har ansvaret for handsaming av søknader og vedtak, men organisasjonane og fylkesmannen har i drøftingsmøte høve til å komme med innspel.

#### Tidsplan

- 1) Januar - evaluering av prosjekt for fjoråret pluss planlegging og start arbeid med ny plan
- 2) Mars - politisk handsaming av planen pluss utlysing av midlar
- 3) 20. april - søknadsfrist korte kurs innanfor kompetanseutvikling
- 4) Tidleg mai - høyringsrunde med organisasjonane pr e-post eller telefonmøte
- 5) 15. september - søknadsfrist utviklingsprosjekt. Rekrutteringsprosjekt vil bli prioriterte
- 6) Tidleg oktober - drøftingsmøte med organisasjonane kring innkomne søknader pluss evaluering av korte kurs

## 5. FORDELING AV MIDLAR

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fordelt det statlege tilskotet knytt til tiltak innan rekruttering og kompetanseheving i landbruket som vist i tabellen under. I tillegg til dei 1,6 mill som fylket har fått for 2015, er det att kr 200 000,- frå tidlegare tildelingar som ikkje er nytta (at planlagde tiltak er blitt avlyste eller blitt billegare enn budsjettert). Total sum til utlysing for 2015 blir dermed kr 1 800 000,-.

Tiltak	Kroner
Agronomutdanning for vaksne (nettbasert og samlingar)	600 000,-
Kompetanseutviklingskurs - korte kurs	450 000,-
Utviklingsprosjekt innan rekruttering, likestilling og kompetanseheving	750 000,-
Sum til fordeling	1 800 000,-

### 5.1 Rapportering

Dei som mottek midlar til ulike tiltak skal rapportere til Sogn og Fjordane fylkeskommune straks etter fullføring. Dette dannar grunnlaget for fylkeskommunen si rapportering til Landbruks- og matdepartementet innan 1. februar 2016 og for vidare vurderingar av plan og prioriteringar.

Rapporten skal innehalde:

- oppsummering av gjennomført kurs, tiltak og prosjekt, som viser tal deltakarar (på korte kurs) og ei kort evaluering i forhold til måloppnåing
- fullstendig rekneskap for gjennomførte kurs, tiltakt og prosjekt, sett i samanheng med budsjettet i søknaden

Det blir gitt nærmare vilkår i tilskotsbrev fra fylkeskommunen til det ein skilde tiltaket/prosjettet.

#### Aktuell utfyllande litteratur og dokument:

[Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016](#)

[Strategi for landbruksrelatert næring og bygdeutvikling](#)

[Meld. St. 9 \(2011-2012\) Landbruks- og matpolitikken - Velkommen til bords](#)

[Jordbruksoppgjøret 2014](#)



Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Framsida: Frå ungdomscampen på Mo  
Foto: Knut Vebjørnsen